

STYREFORMANN KÅRE KOLÅS.

TALE PÅ MIDDAG ETTER REPRESENTANTSKAPSMØTE 13. MAI 1987

Me har i dag hatt det siste møte i representantskapet i Vestlandsbanken L/L, men det er ingen gravtale eg skal halda. Tvertimot er det all grunn til å rekna med at dei verdiar som Vestlandsbanken har skapt også vil koma i fokus bokstaveleg tala.

Eg ser det som overlag viktig på ein dag som denne å få fram i søkjelyset den store medverknaden som Vestlandsbanken har hatt for framgangen i bygdene på Vestlandet, både økonomisk og kulturelt, i dei 61 år banken har vore i arbeid. Tidene har skifta og det har Vestlandsbanken og. Når ein skal sjå seg attende vil det vel koma noko nostalgi inn i biletet, men det kan og vera på sin plass i dag.

Når det gjeld historie som har me 50-års skriftet frå 1976 å visa til. Der finn me ein interessant og fyldig beskrivelse av utviklinga for Vestlandet. Men eg er ikkje viss på at samtidia er klar over kor mykje Vestlandsbanken har hatt å seia for denne utviklinga. Kanskje kan me vona på at samfunnsforskaran i ettertid vil få auga opp for banken sin innsats. Vestlandsbanken omtalar me ofte som ein spesiell bank. Kva er det så som er så spesielt med Vestlandsbanken? Er det ikkje ein bank med det innhaldet som norsk lov og regelverk tilseier? Jau, det er det, men også mykje meir. Lat oss sjå på den føremålsparagrafen som banken fekk i 1926 og som sidan har stått uendra ved andre endringar i vedtekten gjennom åra.

"Banken skal vera sambandsbank for bygdebankane. Han skal letta pengeomsetnaden mellom bygd og by og bygdene imellom. Ein skal freista knyta til seg næringslivet på bygdene med særleg tanke på jordbruk og fiske og deira samyrketiltak, og elles arbeida til bate for bygdene. Banken skal ha nynorsk som hovudmål."

Unge folk i dag kan undra seg: Var slike formuleringar nødvendige? "Sambandsbank for bygdebankane", det høyrest rimeleg ut, men "letta pengeomsetnaden mellom bygd og by og bygdene imellom". Det trongst vel ikkje ein ny bank til? Jau, det gjorde det, i alle høve om ein skulle få meir fart på næringslivet på bygdene.

Når eg skal freista å draga opp dei store linene i Vestlandsbanken si utvikling, er det turvande først å seia noko om skipinga av banken, endå om det er velkjent stoff. Ønskje og krav om ein forretningsbank med nynorsk målbruk førde til skiping av Landsbanken i 1914, men denne banken måtte innstilla verksemda i 1923, saman med 135 andre bankar. Og det var berre 11 av desse bankane som opna pånytt. Landsbanken var ikkje mellom dei.

I denne tida med bankkrise og gjeldskrise var det mange bygdefolk som kjende trangen for ein ny sambandsbank som skulde arbeida til bate for bygdene. Bergen hadde liten tradisjon i samarbeid med sitt nære omland, og bankane i Bergen hadde meir enn nok med sine eigne vanskar.

Spørsmålet var om Landsbanken kunne atterreisast eller om det skulde skipast ein ny bank.

*Ein aksjon  
unntak  
utspill*  
Min funksjon, som stod sterkt i Indre Sogn, ville ha tingingar med Bøndernes Bank om samanslåing, då dette vilde gjeva ein sterkare bank. Men dette vart avvist ved at det var for stor skilnad i grunnlaget til ei to bankane (1924). (Som ein parantes skal nemnast at dette er første gong Bøndernes Bank er nemnd i samanheng med Vestlandsbanken, andre gongen var i 1970). Tredje gongen er no i 1987, då Vestlandsbanken og Bøndernes Bank er i brennpunktet.

Trass i mange vanskar, vart tanken om ein ny norsk bank realisert ved skipinga av Vestlandsbanken i april 1926. Det er grunn til å tru at kravet frå bygdene om bruk av nynorsk også i forretningslivet var den sterkeste drivkrafta. Men dei som stod bak såg også fram til ein bank som vilde arbeida til bate for bygdene, og føremålsparagrafen vart vedteken i samsvar med dette. Spørsmålet er so; Har Vestlandsbanken innfriid dei forventningane som skiparane hadde for desse områda som dei såg so viktige, nynorsk forretningsmål og hjelp til betre økonomi og framgang i bygdeneringane ?

Lat oss sjå på nynorsken først.

Endå dei fleste bygder i Hordaland og Sogn og Fjordane hadde teke i bruk nynorsk i skule, kyrkje og kommuneskaping, var det nok blant i den økonomiske sektoren. Her var det mange fordomar som måtte bort. Det høyrest rart ut i dag, men Bergens Handelsforening gjorde vedtak om at landsmål kanskje kunne nyttast i samband med enklare lagerarbeid, men elles ikkje. Bokmannen Hjalmar Christensen, fødd i Førde, dr. philos, kunsthistorikar m.m. skreiv at nynorsk var ubrukeleg i bank. Det var elles på mange områder uvilje som nok kunne skapa konfliktar.

Ein handelsmann nordfrå som Landsbanken hadde kontakt med fortalte at han hadde freista å få tydd eit brev frå Landsbanken hjå opplyste folk, men ingen forstod eit ord. "Det eneste var en skolelærer som tror det er russisk"

Vestlandsbanken vart snart det største nynorske forretningsstiltaket i landet og motviljen mot nynorsk spakna litt etter litt. Som sambandsbank for bygdebankane på Vestlandet og langt vidare var Vestlandsbanken eit føredøme og hjelp til skjema o.l. slik at dei aller fleste bygdebankar her vest etter kvart tok nynorsken i bruk som administrasjonsmål. Mange sparebankar andre stader i landet søkte kontosamband med Vestlandsbanken, avdi dei då kunne få gratis tilfang som dei hadde bruk for på nynorsk.

Etter mi mening er det ingen andre tiltak eller institusjonar som har gjort meir for utviklinga av nynorsk forretningsmål enn Vestlandsbanken. Soleis har banken innfriid dei forventningane som skiparane hadde for dette området. At det enno er mykje u gjort, er ei anna side ved saka, men i dag skal me summera opp det me har vunne fram til.

Lat oss so gå over til økonomi og næringsliv i Vestlandsbanken.

Sambandsbank - letta pengeomsetnaden mellom bygd og by og bygdene imellom.

Arbeida til bate for bygdene, det var kravet og føremålet.

Skipa i ei krisetid, med ein lutmedel på kr. 600.000,- og stor misstru hjå mange ut over bygdene som hadde mist pengar då Landsbanken innstilte. Og så ein bondebank og målbanks i Bergen.

Korleis kunne ein tenkja at dei kr. 600.000,- kunne vera nok utgangspunkt for pengestraumen over Vestlandet ?

Det kom meg i tankane eit minne frå barneskulen med Luthers lille katekisme og forklaringa. Eit av spørsmåla er: Korleis kan vatn gjera so store ting. Svaret er: Vatnet gjer det so vist ikkje, men kvart ord som kjem ut or hans munn.

Dei 600.000,- var eit ørlite grunnlag, men svaret er at ved skiping av Vestlandsbanken vart det skapt eit samarbeidsforum for Vestlandet som gav ringverknader langt utover det ein kunne venta.

Banken vaks smått om senn, vann tillit etterkvart og fungerte godt som sambandsbank for langt over 100 bygdebankar.

Ressurssterke personar i og rundt Vestlandsbanken fekk i gang tiltak på mange områder i bygdene.

Lat oss nemna:

1. Samarbeid mellom fruktdyrkarane om betre fruktkvalitet.
2. Samarbeid mellom tønne- og kasseprodusentane.
3. Organisering av praktiske råd til sauehaldarane.
4. Skiping av Turisttrafikk-komiteen for Bergen, Hordaland, Sogn og Fjordane.
5. Skiping av Vestlandske Husflidslag.
6. Vestlandske Bondestemna, eit tiltak som har vore eit føredøme for andre landsdelar.
7. Skiping av Hordaland Garvarlag.
8. Skiping av Vestlandske Fartybyggjarlag.
9. Vestlandske Banklag - Vestlandske Bygdebanklag.

Når me kjem fram til midten av 1960-åra, må me stoppa og sjå oss attende. Då nerma det seg slutten av ein epoke i Vestlandsbanken.

Sparebankane hadde bygt ut sine eigne organ som tok over det meste av dei oppgåver som Vestlandsbanken hadde som sambandsbank.

På mange områder i næringslivet på bygdene var det andre som førde vidare tiltak som Vestlandsbanken hadde vore med å drege i gang.

Det må seiast at Vestlandsbanken var ein god bank for bygdene. Ingen annan bank hadde forholdsvis so store utlån til kommunale tiltak til låg rente. Då Fellesbanken kom til Bergen hadde styreformann ei utsegn som eg hadde vanskar for å døyva.

No hadde endeleg sparebankane på Vestlandet fått sambandsbank. Sanninga var at Fellesbanken i Oslo, som de veit var eigd av sparebankane hadde mykje innskot frå Vestlandet som vart brukt til utlån i Osloregionen: 90 %. Det synt Fellesbanken sin egen statistikk. Vestlandsbanken si lina som sambandsbank var at alt vart kanalisert attende til bygdene.

I slutten av 60-åra var Vestlandsbanken si oppgåva som sambandsbank avslutta. Ja, ein kan seia at føremålsparagrafen på ein måte var oppfyllt for enkelte retningar sitt vedkomande.

Me kan på nytt stilla spørsmålet om Vestlandsbanken på det økonomiske og næringspolitiske plan har stetta dei krav til medverknad i utviklinga av Vestlandet som skiparane vona på. Etter mi mening må svaret vera ja. At utviklinga vart slik at banken på enkelte sektorar var "overflødig", kan berre takast slik at arbeidet var fullført.

Med den "sparebankstrukturen" som Vestlandsbanken hadde var det ikkje den store innteninga i banken, men det må konstaterast at som sambandsbank fekk bygdebankane sin del av kaka. Sørleg under krigen var det mange sparebankar som hadde inntening som dei takka vår bank for.

Når eg har lagt so mykje vekt på dei første 40 åra, so er det gjort av di at eg gjerne vil at dei som har vore med på dette siste representantskapsmøte i dag, skal få minn om det. Jæte samanbinding av dei som har vært i denne epoken. Me kan gjerne kalla det nostalgi.

Når Vestlandsbanken ikkje lenger kunne vera sambandsbank vart han distriktsbank og regionbank.

Og regionbank skal banken også vera i framtida, men då med eit anna namn.

Eg vil ikkje seia so mykje om dei siste 20 åra. Tida tillet ikkje det. Og dessutan so veit de alle so mykje meir om den siste tidsbolken at det vil vera unødvendig å bruka noko tid på det. Men sjølv sagt har det hendt mykje interessant i desse åra.

Vestlandsbanken har vakse og tent pengar både til luteigarane og til investeringar for framtida. I sume høve har me ved nybygg og nyinstallasjonar vore på toppen med bankutstyr.

Eg har i dette nostalgitiske oversynet nemnt ein del tal og ingen namn. Skulde ein ha med noko av det so vart det ei noko lengre historie, og den kan ein lesa om i 50 års skriftet.

Men eg kan ikkje slutta utan å nemna dei tilsette i banken. Eg meiner at Vestlandsbanken alt frå det første har hatt ein uvanleg fin stab av funksjonærar og leiarar. Utan den innsatsvilje og lojalitet som har vore til stades til ei kvar tid, vilde ikkje Vestlandsbanken vore so langt framme eller nytt den respekt som banken har i dag. Eg har lyst å tru at dette samholdet kjem av at me også på dette området er ein spesiell bank.